

Rob Tregenzas nye film «Gavagai» handler om va

nskaner med å omsetja dikt mellom ulike språk:

Å sporet av Vesaas

Rob Tregenza har vore etterspurt av Jean-Luc Godard og Béla Tarr. No har han sjølv søkt «Vesaas-ånda» i Telemark.

FILM

Av Guri Kulås (tekst) og Christopher Olsson (foto)

– Å omsetja poesi er svært vanskeleg å få til utan å mista for mykje på vegen frå eitt språk til eit anna. Om ein i tillegg skal overføra den omsette poesien til filmspråk, ja, da har ein ei kjempeutfordring, seier den amerikanske filmskaparen Rob Tregenza.

Likevel har han gjeve seg i kast med ein film basert på 15 dikt av Tarjei Vesaas. Han kallar det krevjande arbeidet «ei veisigning».

Resultatet har vorte ein tysk-norsk-kanadisk samproduksjon med tittelen «Gavagai». Filmen er å sjå på Cinemateket i Oslo denne veke.

– Utan Cinematekets inn-

kommande halding og deira retrospektive serie av filmene mine i fjor, hadde dette prosjektet aldri komme i stand, hevdar Tregenza då Klassekampen møter han for opprimeren på Films Hus.

Poesielskar

Den amerikanske filmfotografen og regissøren har noko i nærleiken av mytisk status i kunstfilmverda. Sidan 1987 har han berre laga fire lang-

FAKTA

Vesaas-filmar:

■ Amerikanske Rob Tregenza er aktuell med filmen «Gavagai», basert på 15 dikt av Tarjei Vesaas.

■ Polska Witold Leszcynski var først ute med å laga film av romanen «Fuglane» («Zwyot Mateusza», 1988).

■ På norsk har Per Blom filmisert romanen «Is-slottet» (1987), mens René Bjerke har laga kortfilmene «21 år» (1990) og «Det rare» (1991) basert på noveller. Bjerke har også laga ferieturportrettet «Over open avgang». Ett portrett av Tarjei Vesaas (NRK, 1997).

■ Teater- og tv-dramatiser Anders T. Andersen arbeider også med ei ny filmatisering av «Fuglane».



«EASTERN»: Rob Tregenza presenterte sin ferske Tarjei Vesaas-film «Gavagai»

filmar, men den banebrytande debuten, «Talking to Strangers» fekk entusiastisk respons frå sjølvaste Jean-Luc Godard, som fungerte som produsent på Tregenzas neste prosjekt «The Arc» i 1991.

Tregenza hadde sin første kontakt med norske filmfolk i 1997, då han var i Cannes med «Inside/Out», der Mikkel Gaup hadde ei rolle.

– Eg tok kontakt med Mikkel Etter å ha sett det fine arbeidet han gjorde i Lars von Triers «Breaking the Waves». Eg likte energien han gav rolla. No, 20 år seinare, var det også godt å vita at eg kjende ein så allsidig norsk skodespelar då eg ville filma Vesaas-prosjektet her til lands.

Det var den norske teaterprodusenten og manusforfatteren Kirk Kjølseth som introduserte poesielskaren Tregenza for Tarjei Vesaas.

– Eg vart heilt gripen av korleis det metaforiske, symboliske og konkrete flyt saman i diktet hans. Teksten er til stades her og no, men pekar ikkje lenger bortanfor alt som er



I TELEMAR: Andreas Lust.


stad- og tidsbunden. Så las eg «Is-slottet», som er mellom dei beste kortromanane eg har lese, men den meier eg er ullbar.

Gjer vanske til tema

Tregenza og Kjølseth er kollegaer ved Virginia Commonwealth University School of the Arts i Richmond, der Tregenza leiar filmutdanninga. Det er den einaste filmskolen i verda som framleis skpt elevfilmar på 35 mm-film.

– Vi byrja å drøfta Vesaas-prosjektet i hamsjen, og vanske kring omsetjing kom fort på bordet.

Løysinga var å gjera problematikken til eit tema i filmen. Tittelen, «Gavagai», er eit usmetteleg kinesisk om-



I Oslo sist helg. Filmen er å sjå på Cinemateket torsdag 27. oktober.

grep. Det er ikkje tilfeldig: Hovudpersonen er ein tysk forretningsmann spela av Andreas Lust, som sist vart sett i «Kongens nei». Han seier over tapet av si kinesiskfødde kone og bestemmer seg for å fullføra det litterære prosjektet hennar. Å omsetja Tarjei Vesaas dikt frå norsk til kinesisk – altså frå eit bokstav-til-eit-teiknpråk. Tyskaren er langt frå ste i nokon av språka. For å finna inspirasjon drog han til Telemark.

– Eg har alltid likt road-movies, både visuelt og metaforisk, som erkjenningseiser. Her hovde forma godt til tematikken i diktet, som står mellom to univers eller rører seg frå ein tilstand til ein annan. Det er også difor heile filmen er tatt opp i akkuratinga mellom dag og natt. Vi har prøvd å fanga stemninga i diktet heller enn å laga ei fortelling av dei i seg sjøve.

Tregenza minner også om ein lærdom frå Jean-Luc Godard: Film er mange tekstar på ein gang. For filmskaparen gjeld det å synkronisera dei

ulike tekstane, slik at det skapar klangbotn for kvarandre.

– Her har ein hendingane, ein har bilde og ein har poesi. Ein av tekstane vil til ei kvar tid vera dominant, men publikum kan sjølv fletta den «tekstråden» som gjev størst meningsutbytte for dei.

Nytt blikk på Telemark

Det er ikkje berre det norske språket som er framand for Tregenza, men også det norske landskapet, som er så viktig for Vesaas. Regissøren, som alltid fører kamera på sine egne filmar, har nærma seg utfordringane med inspirasjon frå europaspar i USA.

– Eg har vonleg sett det norske landskapet med eit friskt blikk, slik Robby Müller fotograferte USA for Wim Wenders i «Alice in the Cities» og «Paris, Texas». Der kan ein sjå noko av det ikonisk amerikanske, samstundes som filmmane opp av amerikanarar for sider ved landet vårt, som vi hadde vorte nomne overfor. Eg har brukt 35 mm cinemascoppe og freista å laga ein

«eastern» på same vis som Müller laga «western».

Rob Tregenza førte kameraet under nøkkelsscener i ungarske Béla Tarrs mæsterverk «Werckmeister harmóniák» (2000). No rundar han straks 66 år, men han held det for utelukka ikkje å løfta det tunge 35 mm-kameraet opp på sine egne aksler.

– Kor viktig det er å føra kamera sjølv, lærte eg indirekte av Jan Troell, som var eit tidleg ideal for meg. Eg meinte å sjå i filmene hans at det var eit band mellom måten han opererte kamera på og regien. Det kom fram i den nye valde innramminga av skodespelarane.

Kva som no skal skje med «Gavagai», er ikkje klart.

– Vi skal visa filmen i Oslo og i Skien. Elles har eg kjøpt tilbake rettane til alle dei tidlegare filmene mine og har ei von om at, på denne filmen vil skapa nok interesse til at nokon kan tenkja seg å setja saman ein pakke med alle filmene, seier Rob Tregenza.

guri.kulås@klassekampen.no